

Sognekraft AS

Retningslinjer for Anleggsbidrag

Innhold

1. Formålet med anleggsbidrag	3
2. Regelverk	3
3. Forskrifta sin ordlyd	3
4. Kontrollmynde ved klage	4
5. Informasjon til kunde	4
6. Praktisering av anleggsbidrag	4
6.1 Anleggsbidrag vert nytta når	6
6.2 Eksempel på kostnadar som inngår i anleggsbidraget	6
6.3 Kostnadar med montasje av tariffapparat (målar).	6
6.4 Avtale vedkomande anleggsbidrag	6
7. Val av entreprenørar	7
8. Eigarskap drift og vedlikehald	7

Utarbeida av: Vidar Øvretun 05.01.2010.
Korrigert 13.2.2014.
Korrigert 20.8.2014 (med bakgrunn i merknad frå NVE etter revisjon)

Postboks 3, 6891 Vik i Sogn
Tlf.: 57 69 86 00
Fax: 57 69 86 10
E-post: post@sognekraft.no
Internett: www.sognekraft.no
Bank: 3800.05.00361
Org.nr.: NO 916 069 634 MVA

1. Formålet med anleggsbidrag

- Gi brukarane signaler om dei samfunnsøkonomiske kostnadane ved tilknytning og bruk av nettet.
- Bruk av anleggsbidrag vil synleggjøre at det er ulike kostnader ved tilknytning ulike stader i nettet.
- Gi kunden grunnlag til å vurdere alternative energikilder/ energibærarar.
- Gi rett kostnadsfordeling ved at den enkelte nettkunde må betale for den investeringskostnadane han utløyser.

2. Regelverk

Utrekning av anleggsbidrag ved tilknytning til Sognekraft sitt nett vert gjennomført til ei kvar tid av Sognekraft sjølv. Anleggsbidraget er utrekna i medhald til standard leveringsvilkår og i samsvar med Noregs Vassdrag og energidirektoratet (NVE) sine *"Forskrifter for økonomisk og teknisk rapportering, inntektsramme for nettvirksomhet og tariffar"* (§17-5 Anleggsbidrag)

<http://www.lovdata.no/cgi-wift/ldles?doc=/sf/sf/sf-19990311-0302.html>

Dei viktigaste momenta frå forskrift om anleggsbidrag (§ 17-5):

- Nettselskapa kan fastsetja eit anleggsbidrag for å dekkja anleggskostnad ved nye nettilknytningar eller ved forsterking av nettet til eksisterande kundar.
- Anleggsbidrag ved forsterking av ei tilknytning kan bereknast når kunden krev auka kapasitet eller kvalitet som utløyser behov for forsterking. Anleggsbidraget skal bereknast med utgangspunkt i kostnadane som følg av kunden si tilknytning til nettet.
- Når ei tilknytning som omtala i første og andre ledd utløyser forsterking i radielle fellesanlegg kan ein forholds messig del av desse kostnadane inkluderas i anleggsbidraget.
- Ved reinvestering i maska nett, kan anleggsbidrag berre fastsetjast i ekstraordinære tilfelle.
- Anleggsbidrag skal fastsetjast uavhengig av kunden sitt venta energiuttak og kan maksimalt verta sett til anleggskostnad for anlegget minus botnfrådrag og tilknytingsgebyr
- Anleggskostnad vert sett lik nødvendige kostnader ved tilknytning eller forsterking inklusivt timeverk for personell, maskiner og utstyr
- Nettselskapet kan fordele anleggsbidraget mellom kundar som vert tilknytt på tidspunktet for ferdigstilling av anlegget og kundar som vert tilknytt på eit seinare tidspunkt, men seinast 10 år etter ferdigstilling av anlegget.
- Fordelinga skal skje i form av ei etterberekning av anleggsbidraget når nye kundar vert tilknytt eller ved at nettselskapet forskoterer investeringskostnader og fastset anleggsbidraget høvesvis ovanfor dei kundane som etter kvart vert knytt til nettet.
- Nettselskapet skal på forhand informere kunden om innkrevjing av og berekningsgrunnlaget for anleggsbidraget.

3. Forskrifta sin ordlyd

I forskriftene heiter det blant anna:

Nettselskapa kan fastsette anleggsbidrag for å dekke anleggskostnadene ved nye nett tilknytningar eller ved forsterkning av nettet til eksisterande kundar.

Anleggsbidraget skal bereknes ut frå kostnadene som fylgjer av kunden si tilknytning til nettet. Anleggskostnadene omfattar nødvendig kostnader ved tilknytning eller forsterkning, inklusive timeverk for personell, maskiner og utstyr. Nettselskapet kan fordele anleggsbidraget mellom kundar som vert tilknytt nettet på ulike tidspunkt.

4. Kontrollmynde ved klage

Ved usemje mellom Netteigar / Sognekraft og kunde i saker vedkomande anleggsbidrag, vil NVE fungere som kontrollmynde og klageinstans. Kunden kan difor klage inn enkeltvedtak til NVE.

5. Informasjon til kunde

Informasjon til kunden vedkomande anleggsbidrag vil verta gjort som følgjande: Kunden skal på førehand bli informert om regelverket for anleggsbidrag og om berekningsgrunnlaget for anleggsbidrag.

Informasjonen skal vere spesifisert på ein slik måte at kunden skal kunne ta stilling til om kostnadsoverslaget er rimeleg.

Berekningsgrunnlaget for anleggsbidraget skal vere oppdelt for kostnadselementa materiellkostnader, timekostnader og framandtenester.

Det skal opprettast avtale mellom Sognekraft og kunde om anleggsbidrag før man startar prosjektering av anlegget.

Sognekraft har som medlem i REN gått inn for å nytte REN blad 3005 som avtalevilkår for innmatingskundar i distribusjonsnettet. Formålet med avtalen er at prosessen med konsesjonssøknad, bygging og drift av kraftproduksjon (DG) i distribusjonsnettet skal gjerast på best mogeleg måte både teknisk og kostnads messig. Det er teke omsyn til både nettselskap, utbyggjar/innmatingskunde og forbrukskunde.

Vi tilrår at alle at alle framtidige innmatingskundar set seg inn i avtalen så tidleg i prosessen som mogeleg, gjerne før konsesjonssøknad. «Søknad om nett tilknytning» vil ligge til grunn for vurdering av nett tilknytning.

6. Praktisering av anleggsbidrag

Sognekraft vil praktisera ordninga vedkomande anleggsbidrag på ein slik måte at den som utløysar kostnadar ved at endringar/forsterkingar i høgspenst eller lågspenst nettet er naudsynt, vert belasta økonomisk.

Anleggsbidrag (A) vert fastsett etter følgjande formel:

Anleggsbidrag A = anleggskostnad – TG – botnfrådrag + framskundingskostnad.

TG:

Tilknytingsgebyr (ei generell eingongsbetaling for tilknytning av nytt anlegg eller utviding/forsterking av eksisterande anlegg.

Dette gebyret vert kravd inn ved nye tilknytningar eller ved oppdimensjonering av eksisterande tilknytning. Tilknytingsgebyret er generelt og vert belasta alle som knyter seg til nettet til Sognekraft. Tilknytingsgebyret er differensiert etter overbelastningsvernet.

Botnfrådrag:

Alle kundetilknytningar både forbruk og produksjon, får eit botnfrådrag på kr 30 000. Botnfrådraget vert gjeve for kvart tilknytingspunkt.

Anleggskostnad:

Når eit prosjekt vert gjennomført, vert anleggskostnaden for prosjektet berekna med utgangspunkt i Sognekraft sine innkjøpsprisar for materiell utan påslag. Arbeidskostnaden er også basert på internpris utan påslag.

Når prosjektet er ferdig, vert anleggsbidraget etterkalkulert. Etterkalkylen er utgangspunkt for slutfaktura for anleggsbidraget som vert sendt til kunden.

Meirkostnad ved framskunda reinvestering (framskundingskostnad):

Framskundingskostnader er kostnader ved å gjera endringar (reinvesteringer) i nettet på eit tidlegere tidspunkt enn elles nødvendig, det vil sei, før nettanlegget si tekniske levetid er utgått. Framskundingskostnad finnes ved å samanlikna dagens reinvesteringskostnad med noverdien av framtidig reinvestering som man unngår. Framskundingskostnad for utskifting av transformator er ex materialkostnad transformator men inklusiv arbeidet med å skifte transformatoren. Resterande teknisk levetid vert fastsett på bakgrunn av tilstandskontroll av nettanlegget.

Utrekning av framskundingskostnaden er som fylgjer:

$$RI - \frac{RI}{\left(1 + \frac{k}{100}\right)^t} = RI \times \left[1 - \frac{1}{\left(1 + \frac{k}{100}\right)^t}\right]$$

RI = reinvesteringskostnad, k = kalkulasjonsrente fastsett av NVE., t = restlevetid på anlegget

For meir informasjon sjå:

(<http://www.nve.no/no/Kraftmarkedet/Tilknytning/Anleggsbidrag/Fremskyndingskostnader-/>)

Flytting av eksisterande anlegg:

Flytting av elektriske anlegg inngår ikkje i regelverket for anleggsbidrag og Sognekraft sine kostnader må dekkast av den som krev flytting.

Utbygging av høgspenningsnett:

Dersom ei tilknytning medfører utbygging eller forsterkning i høgspenningsnettet, kjem også denne kostnaden inn i anleggsbidraget. Mellom kundane vert anleggsbidraget fordelt i høve den nettkapasitet dei einskilde kundane legg beslag på. Anleggsbidrag i eit radielt felles nett vert fordelt mellom kundane som vert tilknytt nettet når anlegget vert ferdigstilt og for kundar som vert tilkopla inntil 10 år etter anlegget vart gjort ferdig.

Vurdering av tal tilknytingspunkt:

Det er Sognekraft som vurderer kor mange tilknytingspunkt som er sannsynleg vil verta etablert innan 10-års perioden. Anleggsbidraget vil verta kalkulert med dette som utgangspunkt. Der det er sannsynleg at utbygginga innanfor ein 10-årsperiode er stor, forskoterer Sognekraft meirkostnaden ved å leggja til rette for seinare tilknytningar.

Differensiering av anleggsbidrag:

I radielle fellesanlegg vert anleggskostnaden differensiert etter i kor stor grad kunden legg beslag på kapasiteten i nettet. Normalt vert effekt brukt som fordelingsparameter (installert effekt for næringskundar og sikringsstorleik for hytter og hushaldskundar).

6.1 Anleggsbidrag vert nytta når

Tilknytning av nye kundar f.eks hus, hytter, småkraftverk o.s.v.

Forsterking av nettet når kunden krev auka kapasitet eller kvalitet.

Når ei forsterking i kunden sitt anlegg utløyser ei forsterking i det radielle fellesanlegget kan ein forholdsvis del av kostnadane inngå i anleggsbidraget.

Ved investering i maska nett kan anleggsbidrag brukast i ekstraordinære høve.

6.2 Eksempel på kostnadar som inngår i anleggsbidraget

Kabelgrøft

Røyr/kabelbord

Material

Arbeidstimar

Idriftsetting og kontroll

Dokumentasjon

6.3 Kostnadar med montasje av tariffapparat (målar).

Kostnader med montasje av tariffapparat for forbrukskunde vert normalt dekkav nettselskapet. Sjå elles forskrift nr 301 § 3-6.

Kostnader med montasje av tariffapparat for produsent skal dekkast av kunden.

6.4 Avtale vedkomande anleggsbidrag

Der netteigar nyttar retten til å krevje anleggsbidrag, skal det etablerst ein avtale mellom rekvirenten og netteigar. Denne avtalen skal underteiknast før arbeidet vert starta. Anleggsbidraget skal betalast heilt eller delvis før arbeidet startar opp etter desse retningslinjene.

- Dersom beløpet er mindre en 50 000,- vert det fakturert etter at anlegget er ferdig. Anleggsbidraget vil då bli korrigert for dei faktiske utgiftene ved anlegget.

- Dersom beløpet er over 50 000,- må 70 % av beløpet innbetalast før oppstart, og restbeløpet på 30 % betalast etter at anlegget er ferdig. Anleggsbidraget vil då bli korrigert for dei faktiske utgiftene ved anlegget. Ved store investeringar kan akonto nyttast med fakturering ein gong i månaden.
- **MVA plikt.** Anleggsbidraget vert fakturert utan meirverdiavgift.

7. Val av entreprenørar

Ved legging av privat høgspenningskabel mellom kunde sitt anlegg og tilknytingspunktet mot Sognekraft, stiller Sognekraft krav til kvalifikasjon hjå entreprenør.

8. Eigarskap drift og vedlikehald

Alle anleggsdelar fram til grensesnittet mellom installasjonseigar (kunden) og Sognekraft sitt nett (leveringspunkt) er Sognekraft sin eigedom og underlagt Sognekraft sitt drift og vedlikehaldsansvar sjølv om anlegget er heilt eller delvis finansiert gjennom anleggsbidrag. Dette inneber også at Sognekraft vil koste all framtidig vedlikehald og reinvesteringarkostnader på anlegget.